



Statens vegvesen

Referat

Dato: 14.12.2016
Tid: 1330–1530
Referent: Magnar Bjerga

Sakshandsamar/telefon:
Magnar Bjerga / 55 51 62 93
Vår dato: 21.12.2016
Vår referanse:

Fv. 565 Marås–Soltveit: Møte om utfordringar og tiltak for viltet


Møte nr: 1
Stad: Rådhuset i Manger
Møteleiar: Magnar Bjerga
Til stades: Kjell Hagesæter (Statens vegvesen), Magnar Bjerga (Statens vegvesen), Andreas Granli (Radøy kommune), Øystein Frotaule (Manger grunneigarlag), Edgar Grindheim, Dag Sætre, Bjørn Floen, Martin Soltveit og Andre Michelsen.
Forfall: Bente Fauske (Statens vegvesen)
Kopi til: Svein Rosseland (Statens vegvesen), Bente Fauske (Statens vegvesen) og Håkon Magnus Kallevik Skagen (Statens vegvesen).

Statens vegvesen inviterte Radøy kommune med mellom anna underutval for vilt, til eit møte om utfordringar og tiltak for viltet i samband med ny fv. 565 Marås–Soltveit. Det var eit godt og konstruktivt møte, der ein vart einige om aktuelle hovudgrep for viltet innanfor dei rammer ein har til rådvelde på noverande tidspunkt i prosessen.

I forkant av møtet vart det gjennomført ei synfaring der Kjell Hagesæter, Magnar Bjerga og Andreas Granli deltok. Nedst i referatet følgjer nokre bilete og tilrådingar (i bileteteksten) frå denne synfaringa. I tillegg kan det nemnast at [fornamn] Pletten var innom før møtestart med nokre skisser som synte aktuelle kryssingspunkt for hjorten på strekninga Snekkevika–Haukåsen.

Sakar/tema	Ansvar / frist
1. Hjorten: Tilrettelegging av undergangar og kryssing i plan	
Når det ikkje er rom for å byggje fleire kulvertar og/eller overgangar, så er det viktig med ei optimal utforming for hjorten av dei undergangane som uansett skal byggjast. Det er viktig at dyra blir slusa inn i kulverten ved bruk av	

Sakar/tema	Ansvar / frist
<p>traktform i opningane og ved leiegjerde. Kulvertane må ikkje gå på skrått under vegen men ta kortaste veg frå eine til andre sida (dvs. 90° på vegen).</p> <p>Vegvesenet vart oppmoda om å hente inn erfaringar med utforming av undergangar for hjort andre stader, t.d. ved å kontakte Hjortesenteret i Sogn og Fjordane.</p> <p>Det er viktig at kryssing i plan blir gjort på stader der vegen ligg rimeleg flatt i terrenget. Tilstrekkeleg siktrydding bør gjennomførast.</p> <p>Det er viktig at arealet under brua ved Storrindevatnet blir mest mogleg naturleg og ikkje blir brukt til lagringsplass eller liknande.</p> <p>Aktuelle kryssingspunkt (sjå figur 1 nedanfor) basert på oppsummering av innspel i møtet:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Storindevatnet. Bru 100 meter. 2. Årsetmyrane. Undergang. Vurdere gjerding langsmed fylling som kanaliserer hjorten til undergangen. 3. Kryss fv. 411. Bru 25 meter. Vurdere kanaliseringsgjerde frå Gjerde og bort til brua. 4. Pletten. Kryssing i plan. 5. Snekkevika. Kulvert – tømmerbilundergang. 6. Kjeset. Kryssing i plan. 7. Lauvåsen. Kryssing i plan. <p>Hjorten går mykje på kryss og tvers. Vanskeleg å seie sikkert kva som skjer når den nye vegen er ferdig og blir tatt i bruk. Derfor vil det etter nokre års drift vere viktig å evaluere om dei tiltaka ein har sett i verk er treffsikre nok, eller om ein bør gjere større eller mindre justeringar. Det kan vere aktuelt å setje opp viltkamera på passasjene for å dokumentere i kva grad dei blir brukt av hjort og anna vilt. Eventuelle tiltak i driftsfasen vil bli tatt opp med vegeigar for godkjenning.</p> <p>2. Tiltak for oter og amfibier</p> <p>Det er oter mange stader på Radøy, og bestanden har ein positiv utvikling. Det er viktig å tilretteleggje for oter ved kryssing av vassdrag.</p> <p>Likeeins er det mange stader frosk og padde. Det bør leggjast til rette for amfibier ved kryssing av vassdrag og i tillegg på aktuelle vandringsstader, til dømes på eit par stikkrenner mellom Lauvåsen og Kjeset.</p>	



Figur 1 Sju aktuelle kryssingspunkt for vilt langs ny fv. 565 Marås-Soltveit, basert på oppsummering av innspel i møtet.

Bilete frå synfaring, tatt om formiddagen den 14.12.2016 (tilrådingar er gitt i bileteteksten):



Figur 2 Kulverten (ca. 1 x 1 meter) i eksisterande fylkesveg ved den planlagde tømmerbilundergangen ved Snekkevika, vart studert. Det er gunstig for fisken om det blir nokre meter med open elv på nordsida av eksisterande veg (vist på dette biletet), før elva går inn i kulvert under ny veg/tømmerlagringsplass. Innfelt bilete oppe til høgre syner sjølve kulverten som går beint gjennom 90° på vegen. Foto: Magnar Bjerga, Statens vegvesen.



Figur 3 Same bekken som i figur nr. 2, berre på den andre sida av fylkesvegen (nedstrøms). Her kan det vere aktuelt for kommunen å gjere tiltak for å betre tilhøva for fiskevandring. Foto: Magnar Bjerga, Statens vegvesen.



Figur 4 Andreas Granli (t.v.) og Kjell Hagesæter (t.h.) står ved bekken om lag der plangrensa går for tømmerlagringsplassen. Bekken bør gå i dagen så langt det er mogleg. Foto: Magnar Bjerga, Statens vegvesen.



Figur 5 Fv. 411 som nye fv. 565 skal krysse over med ei 25 meter lang bru om lag der personane i biletet står. Her vil det bli avkjørsel og nærleik til innfartsparkering og busshaldeplassar. Det er uklart om denne undergangen vil egne seg som viltpassasje. Foto: Magnar Bjerga, Statens vegvesen.



Figur 6 Våtmarksområdet nord for fv. 411. Ny fv. 565 vil krysse vassdraget eit par hundre meter lenger nord (sjå raud ring). Foto: Magnar Bjerga, Statens vegvesen.



Figur 7 Her skal nye vegen krysse vassdraget vist ved raud ring i figur 6. Det skal etablerast ei stor fylling som vegen skal kvile på. Elva skal leggast i rør/kulvert gjennom fyllinga. Kulvert/rør skal vere eigna som passasje både for fisk, oter og amfibier. Foto: Magnar Bjerga, Statens vegvesen.



Figur 8 Gamle ospetre (markert med raude rammer) øvst i skråninga ned mot Storrindevatnet, Soltveit, skal målast inn og så langt mogleg takast vare på. Foto: Magnar Bjerga, Statens vegvesen.



Figur 9 Det største ospetreet i figur 8 i silhuett. Foto: Magnar Bjerga, Statens vegvesen.